



Fylkesmannen i Vestland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 14/276 - 19/7268

Saksbehandlar:  
Silje Haukedal  
silje.haukedal@radoy.kommune.no

Dato:  
03.05.2019

## Plansak 12602013000200 - Kommuneplan for Radøy - revisjon - avgrensa høyring - instansar

Kommunen synar til førstegongs høyring av revisjon av kommuneplanen sendt instansar i brev datert 20.11.2018.

Det kome merknadar frå Fylkesmannen i Vestland i brev datert 18.02.2019, sak 2018/1901 og fråsegn frå Hordaland fylkeskommune i brev datert 14.02.2019, sak 2014/19850.

Radøy kommune hadde møte med Fylkesmannen i Vestland og statens vegvesen den 23.01.2019.

Radøy kommune vil nemne at tema for delrevisjonen er:

- Føresegner med fokus på plankrav, eksisterande bygde eigedomar i LNF, kulturminne og havområde, samt korrektur mot plankart.
- Strandsone, byggegrense mot sjø, arealføremål i sjø og havområda
- Heilårsbustader på frådelte eigedomar i LNF-område

Radøy kommune har i stor grad retta dei merknadene/fråsegna som er kome frå Fylkesmannen i Vestland og Hordaland fylkeskommune. Sjå gjennomgang under.

### Endringar av planen frå førre høyring – merknadar frå Fylkesmannen i Vestland

#### *Strandsone*

Byggegrense mot sjø er fjerna i LNF-område. Vidare er byggegrensa fjerna ved Grønholmen der den tidlegare gjekk ut i FNFFA område.

#### *LNF-spreidd i strandsona og landbruk*

LNF-spreidd som tidlegare var plassert innafor byggegrense mot sjø er tatt ut. LNF-spreidd eigedomar ligg no utanfor byggegrensen til sjø. Kartet er retta slik at det er samsvar mellom formålsgrense og byggegrense. Kommunen har og i stor grad tatt ut områdar som er dyrkamark av LNF-spreidd.

### *Føresegn til LNF-spreidd*

Radøy kommune har redusert utnytting til 400 kvm BYA/BRA. Utnyttinga er satt delvis for å samordne med Meland og Lindås. Meland har 400 kvm i si kommuneplan og i Lindås si rullering er forslaget 400 kvm. Kommunane ønskjer til ein viss grad å samanfalle kommuneplanane før samanslåinga.

### *Bruk av omsynsone H910 – vidareføring av gjeldande reguleringsplan*

Kommunen har tatt dei aller fleste reguleringsplanane ut av omsynssona H910 og laga føresegnssone for desse. Dei reguleringsplanen som ligg igjen i H910 er heilt nye og skal vidareførast utan endringar.

### *Føresegn 3.1.1 Bustad – plankrav*

Kommunen har innskrenka mogeligheita til fortetting frå 3 til 2 bueiningar. Kommunen vil peika på at det er viktig å ha ei mogeligheit til fortetting i Radøy. Radøy kommune er ei utkant kommune som dei siste åra har hatt negative fødselstall. Folketalet er dei siste åra gått nedover, for å klare å snu dette har kommunen trong for eit visst spelerom for å kunne leggje til rette for nye bustadar.

### *Endring av arealformål i føresegna*

Føresegn om at reguleringsplan kan opne for andre arealformål er fjerna.

### *Føresegn til regulerte område*

Føresegn til regulerte område er fjerna.

Arealformål i sjø og havområde

Føresegna er tatt inn under hovudformålet – bruk og vern av sjø og vassdrag.

## Endringar av planen frå førre høyring – merknadar/fråsegn frå Hordaland fylkeskommune

### *Motsegn*

- I. Kommunen har tatt inn automatisk freda kulturminne og lagt dei med omsynssone H730 i kartet.
- II. Riksantikvaren sitt forslag til føresegn for mellomalderkyrkjestader er tatt inn i føresegna og dei er vist i plankartet.
- III. LNF-SBE som inneheld automatisk freda kulturminne er endra tilbake til LNF.
- IV. Når det gjeld størrelsen på areala som er definert som LNF-SE er kommunen av den oppfatning av at det er Fylkesmannen som skal ivareta dette. Kommunen har hatt ei dialog med Fylkesmannen om områda. Nokre område er redusert sidan høyringa, og område innafor byggeforbodet til strandsona er fjerna. Når det legg kulturminne innanfor desse område er desse uansett sikra gjennom kulturminnelova. Føresegna opnar ikkje for ny bustader innafor desse områda. Radøy kommune ber Hordland fylkeskommune om å trekkje denne motsegna.

### *Merknader utan motsegn*

- I. Fosenstraumen/Rapeneset er endra til H-570, og det enkelte automatisk freda kulturminnet er endra til H-730 omsynssone d. Det er knytt føresegn til begge omsynssona.
- II. Krev ikkje endringar i plandokumenta.
- III. Føresegna er endra i tråd med merknaden.
- IV. Føresegna er supplert i tråd med merknaden.
- V. Kommunen har gjort mindre endringar i føresegna for å få dei meir lik retningslinjene i kulturminneplanen. Samstundes kan ikkje utforminga vere lik då det er avgjerande at føresegna sikrar tilstrekkeleg heimel som verna kulturminna. Retningslinjene er ikkje utforma slik at dei sikrar tilstrekkeleg vern.

### Statens vegvesen

Radøy kommune har fjerna føresegn om byggegrense til veg. Årsaka til dette er at kommuneplanen til Radøy ikkje har føresegn om byggegrense til veg i dag, samt at korkje Meland eller Lindås har byggegrense til veg i sine kommuneplanar/kommuneplanrevisjonar. Radøy kommune finn at byggegrense til veg bør vere regulert av veglova og ikkje følgje av overordna planverktøy i kommunen. Planforslaget sendast dermed på ny avgrensa høyring også til Statens vegvesen.

Det gis utvida frist for endeleg uttale til plandokumenta til 31.05.2019.

På grunn av kommunesamanslåinga har kommunestyret i Radøy trong for å fatte vedtak om revisjonen av kommuneplanen før valet. Kommunen ber derfor om å få tilbakemelding på planen så snart som mogleg.

Dersom det er trong for ytterlegare informasjon ta kontakt med Silje Haukedal på e-post [silje.haukedal@radoy.kommune.no](mailto:silje.haukedal@radoy.kommune.no) eller tlf. 56349082.

Med helsing

Silje Haukedal  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Vedlegg:**

KPA\_FramleggHoppl\_Temarevisjon\_v03052019  
04\_utkast planskildring\_KPL delrev 052019  
KP rev føresegner utkast til endeleg vedtak\_avgrensa høyring

### **Mottakarar:**

Fylkesmannen i Vestland, Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen Region vest	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland fylkeskommune Statens vegvesen Region vest	Postboks 7900 Askedalen 4	5020 6863	BERGEN Leikanger